



Eidfjord kommune
Simadalsvegen 1
5783 EIDFJORD

Saksbehandlar, innvalstelefon
Marit Lunde, 5764 3005

Eidfjord kommune - budsjett 2020 og økonomiplan 2020 - 2023

Eidfjord kommunestyre har i møte 16.12.2019, sak 102/2019, handsama og vedteke budsjett for 2020 og økonomiplan for 2020 – 2023. Fylkesmannen har motteke saksdokumenta til orientering.

Kommunen er ikkje under statleg kontroll og godkjenning. Budsjett og økonomiplan er difor ikkje kontrollert etter kommunelova § 28-1 (Robek-registrert). For alle kommunar kontrollerer Fylkesmannen at budsjett og økonomiplan er i balanse. Dette brevet er ei tilbakemelding om korleis Fylkesmannen vurderer kommunen sin økonomi og utviklinga slik den er planlagt i budsjett og økonomiplan.

Oppsummering

Det er budsjettert med positive netto driftsresultat i heile planperioden, og resultatata ligg godt over det anbefalte nivået frå TBU (Teknisk berekningsutval) på 1,75 prosent. Kommunen har god beteningsevne, og finansierer deler av investeringane med avsette midlar/eigenfinansiering.

Kommunen har god økonomi til å yte tenester til innbyggjarane sine, men er og klar på utfordringane som kan ligge i at ein stor del av inntektene kjem frå kraftproduksjon. Folketalet har gått noko ned dei siste åra, noko som kan utfordre tilgang til kompetanse og arbeidskraft.

Budsjett 2020

Dei frie inntektene (rammetilskotet) er budsjettert etter prognosemodellen til KS etter statsbudsjettet. Kommunen har eigedomsskatt frå kraftproduksjon og kraftlinjer, i tillegg til naturressurskatt og konsesjonskraftinntekter. Inntekter frå kraftproduksjonen utgjer derfor ein stor del av brutto inntekter. Netto driftsresultat utgjorde 4,8 prosent av brutto inntekter for 2019. Det budsjetterte talet for 2020 utgjer 9,9 prosent.

Kommunen har vedteke eit låneopptak på 15 mill. kroner til VA-anlegg i Sysendalen. Totale investeringar utgjer 26,5 mill. kroner.

Økonomiplan 2020 - 2023

Økonomiplanen viser positive netto driftsresultat i heile planperioden. Resultata ligg godt over anbefalt nivå frå TBU, og er planlagt avsett til fond og investering.



Samla investeringar i perioden 2021 – 2023 utgjer om lag 70 mill. kroner, der ca. 46 mill. kroner skal lånefinansierast. Det er ikkje lagt inn investeringar i varige driftsmidlar i 2023. Dei største investeringane går til bygging av brannstasjon og påbygg på idrettshallen, og investeringar innanfor VAR-området til reinseanlegg og høgdebasseng.

Overføringar til tenesteeiningane viser om lag same nivå i planperioden, sett bort frå prisstigning og aktivitetsnivå.

Fylkesmannens vurdering

Kommunen budsjetterer i samsvar med prognosemodellen til KS etter statsbudsjettet. Inntekter frå kraftproduksjon gjer at kommunen har solid økonomi og god handlefridom. Det er teke høgde for ekstra utgifter som følgje av investeringane som er planlagde i perioden, og dette er lagt inn i budsjett og økonomiplan mellom anna i form av auka rente- og avdragsutgifter.

I statistikkbanken til SSB finn vi at langsiktig gjeld (eks. pensjon) i prosent av brutto driftsinntekter utgjer 70,8 prosent for Eidfjord etter førebelse tal for 2019, medan talet for landet (eks. Oslo) utgjer 110,5 prosent. Ved utgangen av perioden vil nok den langsiktige gjelda auke noko, men Eidfjord ligg likevel på eit lågt nivå samanlikna med landet.

I ny kommunelov og forskrift til årsbudsjett og økonomiplan § 5-7 går det fram at dokumenta skal innehalde oversikt over gjeld og andre vesentlege langsiktige forpliktingar i årsbudsjettet og økonomiplanen. Vi kan ikkje sjå at dette er utarbeidd. Vi ber om at dette vert gjort og ettersendt til oss, og innarbeidd i dokumenta framover.

Budsjetterte netto driftsresultat i perioden blir avsett til fond. Vi har ingen andre merknader til budsjett og økonomiplan 2020 - 2023.

Førebelse tal for 2019 viser at frie inntekter per innbyggjar utgjer 86 571 kroner, medan det på landsbasis utgjer 57 297 kroner. Kommunen har solid økonomi og god handlefridom til å yte tenester til innbyggjarane sine.

Budsjett- og økonomiplandokument er oversiktlege og gode plan- og styringsdokument. Det er bra at overordna mål og utviklingsoppgåver er definerte, og at fokusområde og måltal er på plass for kvart enkelt tenesteområde.

Med helsing

Lars Sponheim

Gunnar O. Hæreid
ass. fylkesmann

Dokumentet er elektronisk godkjent